

NotatDato: 31.01.2018
Arkivsak: 2017/63-69
Saksbehandlar: terhaug

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

ROM FOR MØTE - Folkebiblioteka i Bergen og Hordaland som integreringsarena 2017-2018

I Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025, Premiss: Kultur, var innsatsområdet *inkludering* ein av hovudsatsingane i 2017. Fylkeskommunen følger opp dette vidare i 2018 m.a. med integreringsprosjektet *Rom for møte*.

Folkebiblioteka er ein av kulturinstitusjonane som blir mest brukt av flyktingar og innvandrar og har utvikla seg til møteplass for lokalbefolkninga. Med fokus på folkebiblioteka som integreringsarena har Det Felles Innvandrerråd i Hordaland blitt tildelt ein million kroner frå Gjensidigestiftinga til prosjektet *Rom for møte* for 2017 og 2018. Søknaden blei utarbeidd i samarbeid mellom fylkesbiblioteket og Bergen Off. Bibliotek. Prosjektet har som formål å bidra til mangfald og betre integrering mellom nordmenn og innvandrar i Hordaland, ved å ta i bruk folkebiblioteket som felles arena til ulike aktivitetar.

Hordaland fylkeskommune v/ fylkesbiblioteket deler løyvinga med Bergen kommune v/ Bergen Off. Bibliotek, og kr 180 000 er tilgjengelig for utdeling til kommunane utanom Bergen i 2018. Utval for kultur, idrett og regional utvikling gav i møte 22.03.2017 (PS 43/2017) fylkesrådmannen fullmakt til å fordele midlar til prosjekt i kommunane etter utlysing og i samsvar med prosjektplan. Tildelinga for 2017 var referatsak i møte 13.09.2017 (RS 45/2017).

Ved søknadsfristen 13. januar 2018 var det kome inn 8 søknadar. Fordelinga var klar 5. februar. Biblioteka kunne søkje opp til kr 40 000. Søknadane vart vurdert ut frå søknaden til Gjensidigestiftinga, med tanke på målet med prosjektet, kor mange bibliotek som skal ha støtte kvart år og søknadssum. Alle søknadane var gode, og gir eit breitt grunnlag for vidare integreringsarbeid i kommunane. Det er difor avgjort å gi alle prosjekta støtte, men det har ikkje vore rom til å løyve heile søknadssummen til alle. I tildelinga er det lagt vekt på å få til auka samarbeid med lokale organisasjonar og institusjonar til utvikling og drift av tiltak retta mot integrering. Det er i tillegg lagt vekt på at tiltaka er sett inn i ein samanheng, og at dei er overkommelege både med tanke på budsjett og samarbeidspartnarar.

Generelt:	
Budsjett 2018	180 000
Søknadsfrist 2018:	13.januar
Vedtak kriterier:	KIRU 22.03.17: PS 43/2017 KIRU 13.09.17: RS 45/2017

Kriteria og informasjon om ordninga:	Uttlysing i fylkeskommunens tilskotplattform. Informasjon om tilskotet i Bergens Tidende 9. januar. Biblioteka fekk informasjon om prosjekt og søknadsfrist på e-post og gjennom sosiale kanalar.
--------------------------------------	---

Vinter 2018:	
Tal på søknadar:	8 søknadar
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	8 søknadar
Samla søknadssum:	243 965 kroner
Tilrådd fordeling:	178 000 kroner

Oversikt over tildelingar

	Søkjar	Integreringstiltak	Tildeling	Grunngjeving
1	Askøy	Språkkafé og norsktrening. Innkjøp av utstyr til digitale temadager i språkkaféen	10 000	Søknaden er delvis i tråd med ordninga. Søknad om innkjøp av bærbare PC-ar til opplæring i digital kompetanse, fell ikkje inn under ordninga. Søknadssum: kr 40 000
2	Etne	Språkkafé og norsktrening.	15 000	Søknaden er heilskaplig både med tanke på konsept, samarbeidspartnerar og utstyr. Søknadssum: kr 15 000
3	Fitjar	Norsktrening og verkstader.	40 000	Søknaden er i tråd med ordninga. Søknaden har ei interessant tilnærming til norsktrening og verkstader, gjennom ein miljøklubb for unge. Søknadssum: kr 40 000
4	Samnanger	Språkkafé og norsktrening. Sette i gong tiltak innan lokal kulturaktivitet og formidlingsaktivitet.	30 000	Søknaden er delvis i tråd med ordninga. Tiltaka knytt til strikkekafe og møte med lokale kulturbærarar vert ikkje prioritert ut frå målgruppa for prosjektet. Søknadssum: kr 40 000

5	Stord	Vidareutvikling av norsktraining og verkstader.	15 000	Søknaden er heilskaplig både med tanke på konsept, samarbeidspartnerar og utstyr. Lønnsandelen i søknaden overskrider grensa i utlysninga på 25 %. Søknadssum: kr 19 965
6	Strilabiblioteket: Lindås og Meland	Norsktraining.	25 000	Søknaden er i tråd med ordninga, med eit interessant møte-konsept knytt til norsktraining. Budsjettet verkar overdimensjoner i høve planlagde tiltak. Søknadssum: kr 35 000
7	Sund	Vidareutvikling av språkkafé og norsktraining.	28 000	Søknaden er i tråd med ordninga. Lønnsandelen i søknaden overskrider grensa i utlysninga på 25 %. Søknadssum: kr 39 000
8	Voss	Norsktraining og Verkstedar.	15 000	Søknaden er heilskaplig både med tanke på konsept, samarbeidspartnerar og utstyr. Søknadssum: kr 15 000
Totalt: kr 178 000				